

# Referat elevråd onsdag 6.nov 2.time

---

Desse møtte: Mathias, Ingelina, Ellinor, Elida, Bjørghild og Mathilde.

## **Sak 10. 19/20 Godkjenning referat**

Hukken: Me forset som før men vist Hukken er tom kan kven så helst vere der.

Fotballbana kjem opp som ny sak.

## **Sak 11. 19/20 Referat SU-møte**

Saka om telefon er tatt opp i SU, saka vert teke vidare. Dette gjeld berre 5-7.kl og det skal bestemast i SU, FAU og personalet. Dette vil nok ta litt tid.

Ny skuletid neste år er elevrådet positiv til, og ynskjer å slutte tidlegare slik at dei får betre tid heime etter skulen.

Nytt leikestativ til skulen. Elevrådet ynskjer å sjå kva som er vald ut.

## **Sak 12. 19/20 Reglar for bruk av fotballbana**

Dei store må ta omsyn til dei små. Dei store skal få med i spillet med å veilede.

Utelangfri er prioritert til kamp på fotballbana så lenge det er 8 eller fleire spelarar. Dei som vert med må vera med heile kampen. Ein må møte ved målet når det ringer ut dersom ein vil vera med.

I andre friminutt er det lov å disponere bana for alle.

## **Sak 13. 19/20 Rydding av leikar**

Ein vaksen ringer med bjølle eller fløyte 3 min før det ringer inn. Då skal ein rydde det ein held på med, sette det utanfor skuret. Resten ryddar klassen som har ansvar. Fotballen skal leggest inn ved lærarrommet.

## **Sak 14. 19/20 Saker frå klassane**

- Sykkel/Vogn kø: Ute ved paradiset. Laga skilt. 2 min venting.
- Lage søknad om kunstgras til rektor, FAU og kommunen.

- Kan me gå til ballbingen 1-2 gonger i månaden i lang friminuttet. Når det er snø går me heller i akebakken. Dette vurderer ein i samband med trivselfriminutt. Då må ein vera heile friminuttet.
- Det er ikkje mogeleg med slengdisse då dette er i mot reglar for sikkerhet.
- Ikkje knyte fast tau i ting for det tar lenger tid å ta av.
- Aktivitetsfriminutt startar neste tysdag.
- Elevane har kome med ønske om leikar, elevrådet vil at alle skal ta betre vare på dei me har. Dei som er øydelagt skal me reparere. (Trøa på sykkelen, sølekjòkken evt andre leikar som treng det.
- Ikkje gøyme ballar. Tennis ball og fotball og basketball skal leggest inn ved kontora.

Referent Mathilde